

# NOTAT

Salhus, 30.01.2023

## Sag og mølle på Åbakken 30

Hausten 2022 var Kulturverntenesta i Nordhordland på synfaring til den gamle mølla og saga i Sør Kvingo, på Åbakken 20. Bakgrunnen for synfaringa var at eigar ville ha ei vurdering av kulturminneverdi, tilstand og eventuelle tiltak.

Saga, som står på tørrmur langs med elva, er bygd i bindingsverk med liggande kledning og har saltak tett med teglpanner. Mølla er tre etasjar og har som saga liggande kledning og saltak med teglpanner. Mølla og saga er bygd saman med eit mellombygg.

På Åbakken har det vore kvern i lange tider. I 1850-åra var her både kvern og sag. Seinare var vasskrafta nytta til å drive ytterlegare ei kvern og i tillegg vart det bygd korntørke. I elva ovanfor mølla vart det murt opp ei stemme for å få betre kontroll på vassføring, og det var laga slåk til kvernene og saga.

Det var behov for slike kverner og folk kom roande frå andre bygder i Nordhordland for å få malt kornet sitt på Åbakken.

I 1910 vart det bygd på ei etasje til på mølla slik at det no vart eit treetasjes bygg. Tømmeret til dette vart henta frå ein nedlagt husmannsplass på Einestrond.

I nordsida av taket på mølla er der ei lekkasjer. Teglpannene lekter, sløyfer og sutaksplater av for å få utbetra skaden. Taksteinen må takast ned og gjerast rein, vidare må lekter og sløyfer takast av, råteskadd tro må bytast før ny papp sløyfer, lekter og takstein kjem på plass. Det er ein del skadd takstein. Denne må supplerast med ny eller brukta takstein som er i god stand.

På synfaring sist haust såg vi og at alle vindu, med unntak av dei i saga som er relativt nye, har behov for ulike grader av istandsetting. Alle vindu i mølla må takast ut for istandsetting; dvs rammene i alle vindu må takast ut, settast inn på oppvarma verkstad for tørking før reingjering impregnering, kitting og maling. Før tørking må rutene ut av ramma. Fleire ruter må bytast då mange er knuste eller har sprekker. I fleire av vindauge er det behov for

# M U KULTURVERNTENESTA H O I NORDHORDLAND

spunsing i tillegg til tørking, maling og kitting. Sjølv om arbeidet med vindauge bør gjerast innan kort tid, er det den nyoppdaga lekkasjen i taket i mellombygget som det hastar mest og er det eigarane vil prioritere og søka midlar om no.

Eigarane har i alle år lagt ned store ressursar for å halde sag og mølle ved like, trass i at dei ikkje har bruk for desse bygningane. Drivkrafta har vore å ta vare på eit viktig kulturminne for bygda og for etterkomarane. I kulturminneplan for Masfjorden kommune heiter det at den kulturhistoriske verdien til mølle og sag i Sør-Kvingo er svært stor og den er i kategorisert i vernekasse A.

Den gamle saga og mølla står i dag slik den gjorde etter påbygginga i 1910 og vitnar om ei type næring som for nokre tiår sidan var vanleg i dei fleste bygder på Vestlandskysten. I dag er det få att av slike anlegg og er med det eit viktig teknisk industrielt kulturminne som fortener å bli teken vare på.

Med Venleg helsing

*Arild Sætre*

Bygningsvernkonsulent

Kulturverntenesta